



Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Vår dato:

03.02.2020

Vår ref:

2020/1598-2

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Odd Ivar Kalland, 5764 3069

Uttale søknad om nydyrkning - Ystebø gbnr. 499/3 og 9 - Bjørnar Floen

Vi viser til søknad om nydyrkning på Ystebø, gbnr. 499/3 og 9 i Alver kommune. Søknaden gjeld nydyrkning av tre ulike teigar på 7,4 dekar, 30,4 dekar og 38,5 dekar. Samla om lag 76 dekar. Teigane er atskilt med driftsvegar som alt er på plass.

Ifølgje § 1 i forskrift om nydyrkning skal nydyrkning gjerast på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfold, kulturminner og landskapsbilde. Det skal også leggast vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar.

Kommunen skal etter § 5 i forskriften også legge vekt på om det ut frå jordlova § 1 er ønskjeleg å styrke driftsgrunnlaget på eigedomen, og om nydyrkingsstiltaket legg til rette for driftsmessige gode løysingar.

Fylkesmannen skal gjevast høve til å uttale seg der nydyrkninga kan berøre vesentlege miljøverdiar, jf. § 3 forskrift om nydyrkning, og vi har følgjande merknader til det:

Det eine dyrkingsfeltet (38,5 dekar) er vist på kartet heilt ned til fjorden. Her må det vere ei buffersone mot fjorden så ein unngår avrenning til fjorden. Området er føreslått som marint verneområde Lurefjorden og Lindåsosane.

Areal i nydyrkingsplanen er over 50 dekar og kommunen må gjere ei vurdering om det skal gjennomførast ei konsekvensutgreiing, jf. § 3 i forskrift om nydyrkning og § 8 i forskrift om konsekvensutredninger.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
assisterande landbruksdirektør

Odd Ivar Kalland
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent